



MØTEBOK

Gebyrregulativ for 2019

Utval sak	Utval	Møtedato
72/18	Utval for plan og miljø	23.10.2018
80/18	Utval for plan og miljø	20.11.2018
	Kommunestyret	19.12.2018

Vedlegg:

Forslag til gebyr for 2019
Gjeldande gebyr

Bakgrunn:

I økonomiplanen er det i utgangspunktet for låg sjølvkostgrad for plan- og byggesak. Kommunen sin stramme økonomiske situasjon gjer at vi må betra balansen i sjølvkostområda. Me har difor gjort nokre endringar i ein del betalingsssatsar, som de finn i oversikta under.

Endringane i betalingsssatser er vurdert i høve til arbeidsomfanget som er på ulike saksområde. Me har også samanlikna eksisterande og nye betalingsssatsar med våre nabokommunar.

Med desse endringane aukar ein inntektene med ca 420 000 kr. Det står att framleis ca 230 000 kr får ein når full sjølvkost for plan- og byggesak.

Me har også trong for å gjere ei korrigering av ein sats som er noko høg. Me har elles rette opp i ein del faktafeil i regulativet, og teke ut nokre satsar som ikkje er i bruk, og såleis er overflødige. Dette får ikkje noko økonomisk verknad.

Endringar/nye pkt. i gebyrregulativet er merka med rødt.
Pkt. som går ut er merka med blått.

Oversikt over endringar:

Det er føreteke nokre verbale endringar, samt retting av ein del faktafeil i regulativet, som mellom anna gjeld nye tilvisingar til §-tal i lova.

Den generelle satsen

Me har i forslag til budsjett heva dei generelle gebyrsatsane med 2,8 % for å henta inn lønnsauken. Dette er forventa å gje ein auke på om lag kr. 65.000,-.

Me aukar M frå kr. 3.000 til kr. 3.100 (2,8 %).

Sal av kartpakkar

Me aukar satsen for kartpakke frå 480 til 600, pluss 5% auke til for å sette av fond for flyfotografering som kjem kvart 4. - 5. år (estimert til 150.000,-/4) Dette også for å liggje meir på linje med Stord sine satsar, og dette er forventa å gje ein auke på om lag 20.000,-.

Til kapittel 2 - Dispensasjonar

§ 2.1.1 er endra til å gjelde gebyr for kvar dispensasjon som tiltaket krev, § 2.1.6 tatt ut og § 2.1. 7 og 2.1.8 er heva til høvesvis 3 og 4 M.

Denne endringa fører truleg til dobling av inntekter. Dette då ein brukar sær s mykje tid på dispensasjonar. Mellombels dispensasjon vil få same satsar, då arbeidet er det same i begge tilfelle.

Me forventar ein samla auke av inntekter på om lag kr. 190.000,-.

Til kapittel 3 – Byggjesaker

§ 3.1 – Utrekningsgrad

Me har i dag noko høge gebyr på bustadhus/fritidshus. Dette gjeld § 3.1.1. Her vil me korrigere ved å legge same sats for bustad/fritidsbustad/garasje dersom dette vert søkt om samstundes. Dette vil redusere kostnadane for kunden, og redusere inntektene til kommunen. Dette er forventa å gje eit tap på om lag 30.000,- om me estimerer talet på saker i høve til dei 3 siste år. Me vil likevel behalde høve til å ta ekstra gebyr dersom tiltaket fører til store terrenginngrep og større VA-anlegg. Dette vert framleis fakturert med 50 % av opphavsleg sats, jf. § 3.8 og 3.14.

I § 3.1.2 går pkt. 1 og 2 ut, slik at kartpakker m/neighborliste o.l. har same pris.

§ 3.2 Tiltak som krev ansvarleg føretak

I § 3.2 er teke vekk arealdifferensieringa på bustad/fritidsbustad og ein held på satsen for den lågaste som er 10 M

§ 3.5 Garasjar, carport, naust og uthus

§ 3.5 4 går ut.

§ 3.9 Søknad om fasadeendring – vesentlege reparasjonar o.l

§ 3.9.3 – Punktet utløyser så stor endring av ein vil krevja Ny sak.

§ 3.10 Tiltak med eksisterande bygningar og bruksendring

Pkt. 5 er nytt (flytta frå § 3.17)

Pkt. 6, 8, 9, 10, 11 og 18 går ut då desse er overflødige og vert dekkja inn under andre pkt. i gebyret.

§ 3.11 Søknad om riving

§ 3.11 arealdifferensieringa er endra til under og over 100 m²

§ 3.13 Innhegning – skilt/reklame

§ 3.13.2 er tilføydd »mindre murar»

§ 3.16 Stegvis sakshandsaming

§ 3.16.1 – Ved stegvis sakshandsaming er det i dag teke fullt gebyr for rammeløyvet og halvt gebyr for igangsetting. Ein har no delt opp dette slik at det vert teke 1 M for **kvart** igangsettingsløyve.

§ 3.16.2 og 3.16.3 går ut.

§ 3.17 er teke inn under § 3.10 som pkt. 5.

§ 3.20 Ferdigattest på eldre saker

Punktet er justert til å gjelde ferdigattest på eldre saker samt ved skriving av brev ved manglar til ferdigattest/mellombels bruksløyve som gjeld t.d. innmålings/-data/gjennomføringsplan m.m. - satsen er 1 M

Siste avsnitt som gjeld rettsbrotsgjeld går ut.

§ 3.21 Mellombels bruksløyve

Her har me føreslege eit nytt pkt. for utskriving av mellombels bruksløyve, som også andre kommune har, då dette fører til ekstra arbeid for avdelinga. Gebyr er sett til 1 M. Dette er forventa å gje ein auke på om lag 15.000,- .

§ 3 22 Igangsetting av tiltak utan løyve eller tiltak teke i bruk utan søknad eller i strid med løyve.

Her har me føreslege eit nytt pkt. om tiltak utført i strid med regelverket.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2019

Behandling i Utval for plan og miljø - 23.10.2018:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om at denne saka formelt høyrer til saksbehandling etter formannskapet sitt møte 7. november. Utvalsleiar Torstein Grimen (H) la føre framlegg om å utsetja saka til neste møte.

Representanten Bård Inge Sørfonn (KRF) ba administrasjonen laga ein oversikt over tilsvarande gebyr i nabokommunane til neste møte, slik at utvalet kan samanlikna tal i nærliggande kommunar.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert utsett til neste møte.

Behandling i Utval for plan og miljø - 20.11.2018:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2019.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.